

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 5. søndag i treeiningstida – 13. juli 2014

Preiketekst: Matt 7,15-20

Lesetekst 1: Jer 23,16-24

Lesetekst 2: 1 Joh 4,1-6

## Dårlege tre kan ha vakre blomar

Teksten er ein del av Bergpreika. Bergpreika er Jesu undervisning av læresveinane, jamfør Matt 5,1-2. Bakgrunnen for denne undervisninga er ikkje lova, men evangeliet, Guds rike er kome nær, tilgjeving for syndene er å få. Han som underviser, Jesus, skal også ha det siste ord på domens dag, jamfør Matt 7,21-23. Dei han underviser, har fått del i Guds rike og i syndstilgjevinga.

Ein sann profet er ein som talar som Guds ord. Ein falsk profet derimot har oppnemnt seg sjølv og formidlar eigne tankar og idear.

### Porten og vegen

Etter å tala om den tronge porten og den smale vegen som fører til livet og den vide porten og den breie vegen som fører til fortaping, går Jesus over til å tala om falske profetar. Ein samanheng er det, for bevisst eller ubevisst fører dei falske profetane og deira lære menneske inn på den breie vegen og fortaping.

Derfor seier Jesus: Ta dykk i vare for dei falske profetane! Lat dei ikkje få innverknad på dykk, ver ikkje opptekne med dei! Men dei falske profetane er ikkje alltid lette å oppdaga, for dei kjem i saueham, altså fine og fredelege, mens dei innvendig er grådige ulvar, som har som føremål å drepa trua. Jesu råd er å sjå på fruktene.

### Fruktene

Jesu kjem med tre bilete der han bruker tre og frukt:

a) Kan ein plukka druer av klunger eller fiken av tistlar?

b) Eit godt tre ber god frukt, eit dårleg tre ber dårleg frukt.

c) Kwart tre som ikkje ber god frukt, blir hogge ned og kasta på elden.

Svaret på spørsmål a) er nei, alle veit at det ikkje går! Ja, sjølv sagt er det slik! Bekreftar vi til

b). Men er det slik at kvart tre som ikkje ber god frukt, blir hogge ned og kasta på elden?

I hagen min har eg to gamle epletre. Det er lenge sidan eg har brukt frukta, ho er dårleg, full av flekker og har ofte makk, rotnar fort og smakar dårleg. Men kvifor sagar eg ikkje ned dei to frukttrua? Dei blomstar så vakkert! Dei er så vakre for augo! Kvar einaste vår let eg meg sjarmera av dei vakre lys lilla epleblomane! Eg klarer ikkje saga ned dei to trea, dei er ein pryd for auga!

Kanskje er det slik med fruktene at dei falske profetane? Dei er ofte så vakre å sjå på, så fascinerande, så sjarmerande. Kanskje er det slik med resultatet av orda deira? Dei talar så

fint om menneskeverd, om å følgja med tida, om å ta omsyn til dei svake, om at Jesus er berre kjærleik, om at Gud let ikkje nokon gå fortapt. Så blir vi fascinerte, sjarmerte og tenkjer det er kanskje slik?

### **Prøv åndene!**

Korleis kjenner vi falske profetar på fruktene? *"Prøv om åndene er av Gud!"* seier 1 Joh 4,1. Vidare les vi: *"På dette kjenner de Guds Ånd: Kvar ånd som vedkjenner at Jesus Kristus er komen i kjøt og blod, er av Gud. Men kvar ånd som ikkje vedkjenner Jesus, er ikkje av Gud."* 1 Joh 4,2-3.

Bibelen fortel oss kven Jesus er og korleis Jesus er. Han er eitt med Gud, og som han er han heilag og utan synd. Han toler ikkje synd, men gav sitt liv for at syndaren skal få leva. Alt avheng av om vi i tru tek imot Jesus og det han har gjort for oss. Då er det viktig at vi tek mot den Jesus Bibelen teiknar for oss, ikkje ein Jesus vi sjølv har teikna! Falske profetar talar ikkje sant om Jesus, dei talar ikkje om Jesus som Bibelen gjer det, dei trekkjer frå og legg til etter eigne tankar og etter tankane i tida.

For å prøva åndene treng vi hjelp. Jesus gav oss hjelpa då han sende oss Den heilage ande, Sanningsanden. Lat oss be om nåde til å lytta til Sanningsanden sine råd, som alltid er i samsvar med Guds ord og vilje. (Joh 16,13-14)

### **Det falske og den allmektige**

Bibelen er tydeleg på at falske profetar finst. Alle dei tre tekstane i dag, og mange fleire, seier oss det. Så lenge vi er her i verda, risikerer vi å verta utsette for slike profetar. *"Eg har ikkje sendt profetane, men dei spring, eg har ikkje tala til dei, men dei profeterer."* slik seier Gud gjennom profeten Jeremia (Jer 23,21). Samtidig seier han: *"Om dei hadde vore med i mitt råd, kunne dei ha late folket mitt få høyra mine ord og fått dei til å venda om frå sine vonde vegar og gjerningar."*

Det er det Gud vil, at vi skal få høyra hans ord og venda om frå vonde vegar og gjerningar. Derfor står han med opne armar og inviterer inn til seg, både dei falske profetane og dei som lyttar til dei!

*"Er eg ein gud som er nær, seier Herren, og ikkje ein gud langt borte? Kan nokon gøyma seg på hemmelege stader så eg ikkje ser han? seier Herren. Fyller ikkje eg både himmel og jord? seier Herren."* (Jer 23,23-24)

Med desse retoriske spørsmåla opnar Gud famnen for alle som vender om, både av hans eige folk og alle oss andre!

### **Alvhild Vassel Eide**

Misjonskonsulent, fagområde grasrot. Det Norske Misjonsselskap, region Bjørgvin.

[ave@nms.no](mailto:ave@nms.no)